



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 13.10.2015

Sak nr.: 15/10115-3

Internt l.nr.: 45241/15

Sak: 45/15

Tittel: **Kostnad med naudnett i fv. 55 Høyangertunnelen**

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med 20 millioner kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet.

Endringsframlegg:

Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med inntil 20 millionar kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen tek kontakt med Høyanger kommune for å avklare eventuell medfinansiering.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg som tillegg til framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti:
Høyangertunnelen, som lengste fylkesveggtunnelen i fylket, er i ei særstilling for installering av naudnett. Naudnett i denne tunnelen vil ikkje gje presedens for seinare saker.

Fylkestinget ber fylkesordføraren ta opp saka med Samferdsledepartementet med tanke på å:

- endre kriterie for naudnett i tunnellar slik at tunnallengde vert eit vesentleg kriterium samtidig som krav til ÅDT må reduserast vesentleg.

- få dekkja kostnadene med installering av naudnett i Høyangertunnelen.

Avrøysting:

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti vart samrøystes vedteke.

Tillegget frå Senterpartiet fekk 10 røyster.

Tilrådinga frå fylkesutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med inntil 20 millionar kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen tek kontakt med Høyanger kommune for å avklare eventuell medfinansiering.

